

6 HALD OVERSIKT

Med valet *Mine e-boklån/Mine lånte e-bøker* får du ei samla oversikt over kva lån og reserveringar du har, og kor lang lånetid du har att.

Du kan laste ned og lese same bok på ulike einingar. Dersom du er kopla til internett, vil informasjonen om kor langt du har lese bli synkronisert mellom einingane.

Låneoversikta viser *alle* lån, uansett kva eining bøkene er lånte på.

I **Android**-versjonen finn du hovudmenyen ved å klikke på ≡ øvst til venstre, der får du opp desse vala:

På einingar med **iOS** ligg det ein meny nedst på sida, der du kan gå rett til oversikt over lån eller søke etter bøker:



7 FORNY ELLER LEVER

Gå inn på oversikta over lånte bøker. Trykk på *VAL* for å fornye eller levere boka. Du kan også hjelpe andre lesarar ved å gi ei vurdering (stjernekest) av bøkene.

Dersom du har lasta ned bøkene på fleire einingar, må du levere bøkene frå alle einingane før dei blir tilgjengelege for andre lånarar. Bøkene blir automatisk sletta når lånetida er ute.

OM LÅN GJENNOM eBokBib

E-boktilbodet i fylket er eit samarbeid mellom fylkesbiblioteket, folkebiblioteka og nokre bibliotek i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane.

Gjennom appen **eBokBib** får du tilgang til hundrevis av e-bøker, og får same tilbod uansett kva kommune du bur i.

Appen er gratis å laste ned og bruke.

Du kan låne fire bøker samstundes, og lånetida er tre veker (21 dagar).

For å låne må du vere registrert lånar ved eitt av biblioteka i fylket.

Språkval

Appen er tilgjengeleg på nynorsk, bokmål, nord-samisk og engelsk. Instilling av språk:

iOS: Trykk ≡ øvst til venstre, vel språk.

Android: Trykk menyknappen på telefonen/nettbrettet (≡), ev. ≡ øvst til høgre i appen, vel *Instillingar* og så *Språk*.



LÅN
E-BØKER
MED
eBokBib




Ei enkel rettleiing til *eBokBib*, appen som lar deg låne e-bøker frå biblioteka i Sogn og Fjordane.



0 FØR DU BYRJAR

For å kunne bruke appen, treng du ein smarttelefon eller eit nettbrett med **iOS** (iPhone, iPad) eller **Android** (Sony, HTC, Samsung, m.fl.) som operativsystem.


Appen er førebels ikkje utvikla for Windows-baserte einingar eller lesebrett som Kindle



Du må òg vere registrert som lånar på eit bibliotek i Sogn og Fjordane.

1 LAST NED OG INSTALLER

Sørg for at du er tilkopa internett. Gå inn på **App Store** (iOS) eller **Google Play Butikk** (Android). Trykk på forstøringsglaset og søk opp eBokBib.



Når du har funne appen, kan du installere den:

iOS: Trykk *HENT*.
Android: Trykk *INSTALLER*.

2 LOGG INN

Bruk lånenumeret som står under strekkoden på lånekortet ditt, og tilhøyrande PIN-kode du t.d. brukar for å nytte deg av biblioteket sine nettenester.



Har du eit nasjonalt lånekort kjem du rett inn, med lokalt lånekort (knytt berre til eitt bibliotek) må du velje kva bibliotek du høyrer til.

3 FINN BØKER

iOS: Trykk **Q** nedst på skjermen, deretter *Finn øvst* til høgre.

Android: Trykk **☰** øvst til venstre, og vel *Utval* frå menyen som dukkar opp.

Du får opp ei liste over alle e-bøkene. Du kan òg søke etter spesielle forfattarar eller titlar, eller avgrense på anna måte:

iOS: Trykk **<** *Utval* øvst til venstre på skjermen.

Android: Trykk **Q** øvst til høgre på skjermen.

Du får no opp eit søkefelt heilt øvst, og i tillegg mogelegheit til å velje andre avgrensingar og filter, som t.d. språk eller berre ledige bøker.

Trykk *Finn* for å søke med avgrensingane. Du kan fjerne alle filter ved å trykke *Nullstill* heilt nedst på søkesida.

4 VEL BOK OG LAST NED

Trykker du deg inn på ei bok, får du ei omtale av boka. Du får også mogelegheit til å lese eit utdrag av dei 11 første sidene av boka.

Når du har funne ei bok du ønskjer å låne, trykker du på *LÅN BOKA* for å låne eller *RESERVER BOKA* dersom den er utlånt. Du får beskjed på nettbrettet/telefonen når du kan laste ned ei bok du har reservert.

Sokalla "*Frie bøker*" kan du fritt laste ned og ha så lenge du vil.

5 OPNE BOKA OG LES

Når du har lasta ned ei bok kan du velje å opne boka med ein gong (i Android), eller du kan gå inn via oversikta over lånte bøker:

iOS: *Mine e-boklån* (nedst på sida)

Android: *Mine lånte bøker* (**☰** øvst til venstre).

Du blar i boka ved å sveipe over skjermen eller trykke på høgre eller venstre side av skjermen.

Du kan tilpasse leseinnstillingar (lysstyrke, bakgrunnsfarge og skriftstorleik):

iOS: Trykk midt på skjermen, trykk på **✱** eller **AA**

Android: Trykk midt på skjermen, trykk på **A** i toppmenyen som kjem fram.

Klikk på teksten når du har gjort vala du ynskjer.

Når du vil lukke boka:

iOS: Trykk midt på skjermen, trykk på *Lukk boka*.

Android: Trykk midt på skjermen, trykk på **<** attmed boktittelen øvst til venstre.